



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	17.10.2022	95/22
Kommunestyret	24.10.2022	98/22

Saksansvarleg: Svenja Doreen Storøy Arkiv: FE-140, PLANTYPE-21 Arkivsaknr.: 22/195

Kommunedelplan for Lifjell 2023-2033 - fastsetting av planprogram

Kommunedirektørens innstilling:

Planprogram for kommunedelplan for Lifjell 2023-2033 fastsettast jf. pbl. § 4.1 med endringar slik det går fram av saksomtala.

Vedtak som innstilling fra Formannskapet - 17.10.2022 - 95/22

24.10.2022 Kommunestyret

Behandling:

Øystein Slettebø SP bad om ei vurdering av sin habilitet. Han vart samrøystes erklært habil til å delta i handsaminga.

Tilrådinga fra formannskapet var samrøystes vedteke.

Steinar Sæland la til ordet *vurdert* i framlegget slik at framlegget fekk ordlyden:

Ei byggegrense mot fjellet vert vurdert innarbeidd som del av målsettingane med kommunedelplanen. Omarbeidd framlegg frå Steinar Sæland (V) vart vedteke ved 27 mot 1 røyst.

KS- 98/22Vedtak:

Planprogram for kommunedelplan for Lifjell 2023-2033 fastsettast jf. pbl. § 4.1 med endringar slik det går fram av saksomtala.

Ei byggegrense mot fjellet vert vurdert innarbeidd som del av målsettingane med kommunedelplanen.

17.10.2022 Formannskapet

Behandling:

Ei «markagrense» vert innarbeidd som del av målsettingane med kommunedelplanen.

Ass. kommunedirektør Øystein Tveit orienterte til saka.

Framlegg frå Steinar Sæland V:

Ei byggegrense mot fjellet vert innarbeidd som del av målsettingane med kommunedelplanen.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Steinar Sæland vart vedteke med 5 mot 2 røyster.

FS- 95/22Vedtak:

Planprogram for kommunedelplan for Lifjell 2023-2033 fastsettast jf. pbl. § 4.1 med endringar slik det går fram av saksomtala.

Ei byggegrense mot fjellet vert innarbeidd som del av målsettingane med kommunedelplanen.

Bakgrunn for saka:

Forslag til planprogram for kommunedelplan for Lifjell 2023-2033 vart behandla av kommunestyret i Midt-Telemark kommune den 14.03.22. Etter det vart oppstart av planarbeidet varsla og forslag til planprogram var lagd ut på høyring i 8 veker med høyringsfrist 19.05.22. Planprogrammet leggest no fram til endeleg godkjenning av kommunestyret saman med ein førebels oppsummering av innspela som har kome inn ved varsel om oppstart. Planprogrammet gir grunnlag for det vidare planarbeidet og seier noko om måla med planarbeidet samt utgreiingsbehov. Endeleg vedtak av kommunedelplan for Lifjell er planlagt i siste kvartal i 2023.

Saksomtale:

Det har kome inn 44 innspel til planarbeidet, frå offentlege etatar, organisasjonar, næringsliv og privatpersonar. En førebels oppsummering av innkomne innspel samt ein oversiktsliste er vedlagt denne saken.

Dei er komet inn blant anna 14 innspel knytt til arealbruksendring til fritidsbustader, 2 innspel som gjeld næring og masseuttak, 1 innspel som gjeld tilbakeføring til LNF, eit 20 tals innspel om endring av føresegner, 5 innspel som gjeld innføring av markagrensa, rundt 15 innspel som gjeld mellom anna infrastruktur, ferdsel, ski og friluftsliv i området og nærare 30 konkrete innspel til planprogram (målsetjingar, overordna føringar og utgreiingsbehov). Det er innspela til planprogrammet som blir drøftet i denne saka.

I høyringsperioden har det vært ope folkemøte og plankontor. Planprogrammet vart og lagt fram til drøfting i regional planforum samt eit dialogmøte med beitenæringa.

Merknadene til planprogrammet er i alt hovudsak knytt til kapitel 5, 7, 8 og 9. Det vil sei målsetjingane, overordna føringar og FNs berekraftsmål, problemstillingar og utgreiingsbehov samt konsekvensutgreiing. Av endringane er følgjande mest relevant å framheve i saksomtalen:

- Kap 5.: Endringar i overordna føringar sidan førre revidering av planen i 2014 krev at revidering av denne planen også kan medføre endringar i ikkje realiserte byggeområde i kommunedelplanen, noko som kan resultere i at fleire område må tilbakeførast til LNF-område. Det kan for eksempel være ut frå omsynet til naturmangfald, myr eller liknande. Ein slik gjennomgang ville også bli gjort med bakgrunn i reelle behov. Ein skal ikkje legge opp til ei større utbygging enn det er reelt er behov for.
- Kap 7.: Det er lagt til eit nytt kapitel som framhevar betydningen av FNs berekraftsmål for dette planarbeidet.
- Kap 8.: Det er presisert i teksten at det må gjerast ein gjennomgang av ikkje realiserte

utbyggingsområde med omsyn til gjeldande nasjonale føringar basert på ny kunnskap. Det er presisert arbeidet med gjennomgang av viktige friluftsområder. Det er lagt til eit avsnitt som omtaler ei konflikt mellom planlagde heisar og nedfartar og verneverdiane knytt til bekkeløp i verna vassdragsområde og vassressurslovens føresegner om kantvegetasjon. Siste punkt kan føre til at delar av anlegget må tilbakeførast til LNF. Det er og innarbeid at ein ynskjer å utarbeide eit forslag til markagrensa i samband med planarbeidet. Det er og presisert kartleggingsbehovet knytt til naturmangfald, myr, trafikktryggleik, vassdrag, kulturlandskap og natur- og friluftsliv.

- Kap 9.: Det er gjort presiseringar knytt til metodikken I konsekvensutgreiing

Vedlegg:

06.10.2022	Vedlegg til saksomtale - Oppsummering av innspillene	1508827
06.10.2022	Vedlegg til saksomtale - Innspillsliste	1508828
05.10.2022	Planprogram Kommundelplan for Lifjell 2023-2033	1509292